

Saksframlegg

Saksbehandlar: Tore Eriksen, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 15/8135-3

Regionreforma

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesrådmannen/gruppeleiarane i fylkestinget rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
 Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Med tilvising til kommunal- og moderniseringsministaren sitt brev til fylkeskommunane av 2.07.15 (vedlegg 1) - «Invitasjon til å delta i reformprosessen» - ber fylkestinget om å få seg førelagt ei eiga sak til tingsetet i desember 2015 om korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune bør møte regionreforma.
2. Nemnde sak bør byggje på – og vidareutvikle – fylkesrådmannen sitt notat (21.09.15) til gruppeleiarane i fylkestinget sitt møte 28.09.15 (vedlegg 3). Nemnde sak/saksførebuing må likevel ha i seg tilstrekkeleg fleksibilitet i høve dei initiativ som måtte bli tekne i høve regionreforma fram mot fylkestinget i desember 2015.
3. Innafor desse rammer slutter Sogn og Fjordane fylkeskommune seg til forslaget «Prosjekt Regionreform» som er fremja av KS og Fylkesordførarkollegiet sitt arbeidsutval (vedlegg 4)

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Brev frå KMD 2.07.15 – «Invitasjon til å delta i reformprosessen».
2. Fylkesrådmannen sitt notat til FU 17.08.15.
3. Fylkesrådmannen sitt notat til gruppeleiararmøtet 28.09.15.
4. KS/fylkesordførarkollegiet sitt forslag til «Prosjekt Regionreform».

SAKSFRAMSTILLING

Utgangspunktet for denne saka er regjeringa si oppmoding til fylkeskommunane av 2.07.15 om å starte Regionreformprosessen, jf. vedlegg 1. Fylkesrådmannen formidla denne oppmodinga til fylkestinget straks ho var komen.

Med grunnlag i den same oppmodinga la fylkesrådmannen fram eit eige notat til FU 17.08.15, jf. vedlegg 2. I sakspapira til nemnde møte ligg dette notatet (m/diverse vedlegg) under Skriv og meldingar). I møtet 17.08.15 konkluderte FU med at gruppeleiarane skulle ta eit eige møte på saka 28.09.15.

Til gruppeleiararmøtet 28.05.15 la fylkesrådmannen fram eit nytt notat, jf. vedlegg 3. I dette møtet gav gruppeleiarane si tilslutning til hovudlinene i den prosessen fylkesrådmannen skisserte.

Denne FU/FT-saka er laga til tett opp mot møtet i FU 30.09.15 og byggjer på den semje gruppeleiarane drøfta seg fram til 28.09.15. Tilhøyrande tilråding til vedtak er forsøkt tilpassa dette.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑